

Søknad om veksling av utgåtte setlar og myntar

Les instruksjonen på side 2–3 før du fyller ut skjemaet. Alle felt skal fyllast ut om ikkje anna kjem fram. Legg ved dokumentasjon som førespurt i instruksjonen.

1. Opplysningar om deg som eigar av pengane (Bruk tydelege blokkbokstavar.)

Totalt beløp du ønskjer å veksle:		
Eigars fornamn:	Eigars etternamn:	Statsborgarskap:
Eigars fødselsnummer (11 siffer) eller D-nummer:		Fødselsdato:
Adresse:		Telefon:
Postnummer:	Poststad:	Land:
E-postadresse:		
Organisasjonsnummer (dersom du representerer eit firma):		

2. Kontoinformasjon

Norsk <input type="checkbox"/> Utanlandsk <input type="checkbox"/>	Bank	Swift/BIC/Clearingnummer
Kontonummer (11 siffer for norsk konto). Oppgi IBAN og BIC dersom du har utanlandsk konto.		

3. Opplysningar om kvar pengane kjem frå (inntekt, arv, gåve eller anna)

--

4. Underskrift

Stad/dato – signatur

Søknad om veksling av utgåtte setlar og myntar

Instruksjon for skjema: Søknad om veksling av utgåtte setlar og myntar

Skjemaet skal fyllast ut i samsvar med Noregs Bank sine retningslinjer for veksling av utgåtte setlar og myntar. Noregs Bank krev rett til å innhente ytterlegare opplysningar i medhald av kvitvaskingslova eller andre relevante føresegner. Pengane du ønskjer å veksle, skal leverast i konvolutt saman med ferdig utfylt skjema ved postsending eller oppmøte. Sending av pengar skjer på eget ansvar. Du må ta nødvendige forholdsreglar for å sikre deg mot tap og tjuveri. NB! Det innleverte vekslingsbeløpet vil bli overført til den oppgitte bankkontoen. Hugs å oppgi kontonummer.

1. Søkjaren

Skriv informasjonen til den rettmessige eigaren av pengane. Det må vere samsvar mellom kontonummeret til eigaren og namnet på eigaren, elles blir utbetalinga stoppa.

2. Fullmakt

Dersom du vekslar på vegner av andre, må du leggje ved fullmakt frå eigaren der det blir oppgitt namn på fullmektigen og korleis ein ønskjer pengane utbetalt. Bekrefta kopi av ID må leggjast ved for eigaren av pengane og fullmektigen.

Dersom du sender søknad og pengar i posten:

Over 1000 kroner: Send med ein kopi av gyldig ID.

Over 7000 kroner: Send med ein bekrefta kopi av gyldig ID eller identifiser deg med BankID på nettsidene til Noregs Bank. Gyldig legitimasjon kan bekreftast av domstolar, politi og Nav, bankar, kopikontor, finansieringsføretak, kredittføretak, verdipapirfond, eigedomsmeklarar, revisorar m.m.

Dersom du leverer søknad og pengar i Noregs Bank i Oslo: Ta med deg gyldig ID med bilete. Vi kan då bekrefte kopi av ID dersom du ikkje har gjort det på førehand.

3. Kontoopplysningar

Oppgi kontoopplysningar til den som eig pengane. Det må vere samsvar mellom kontonummeret til eigaren og namnet på eigaren, elles blir utbetalinga stoppa.

Noregs Bank overfører transaksjonar i NOK. Ved overføring til ein utanlandsk konto vil banken din konvertere til lokal valuta. Noregs Bank har derfor ingen informasjon om kva valutakurs banken din opererer med. Forsikre deg om at banken din tek imot NOK, før du sender søknaden.

4. Forklaring

Noregs Bank følgjer retningslinjene i kvitvaskingslova. På same måte som banken din er vi pålagde å undersøkje korleis du har tileigna deg pengane du ønskjer å veksle. Vi må derfor stille nokre spørsmål om kvar pengane kjem frå, og be om at du leverer relevant dokumentasjon så langt det er mogleg. God dokumentasjon vil gi raskare saksbehandling.

Søknad om veksling av utgåtte setlar og myntar

Lønn: Dersom du har tileigna deg pengane i samband med arbeid, varer eller tenester, beskriv kva slags arbeid, varer, tenester, yrkesgruppe eller næring inntekta gjeld. Opplys i kva periode du har tent pengane, og gi opplysningar om arbeidsgivaren, som namn og adresse.

Arv: Dersom du har motteke pengane ved arv, beskriv korleis du er rett arving til pengane. Ved arv krevst det dokumentasjon vedlagd i form av kopi av skifteattest eller annan dokumentasjon som viser at pengane er mottekne ved arv. Legg òg ved fullmakt og kopi av legitimasjon frå andre arvingar dersom det ikkje kjem fram av skifteattesten kven som har fullmakt på vegner av buet.

Gåve: Dersom du har fått pengane i gåve, beskriv når, frå kven, og i kva høve du fekk gåva. Legg ved stadfesting på pengegåva frå givaren og kopi av ID-en til givaren.

Motteke på anna vis: Forklar så godt du kan, kvar pengane kjem frå.

Vi gjer merksam på at vi basert på svara vi får, kan be om uttakskvitteringar, lønnslippar, skatteoppgjer, kontoutskrifter og liknande før vi betaler ut pengane.

5. Saksbehandlingstid

Beløp opptil 7000 kroner – saksbehandlingstida er normalt under 3 veker.

Beløp over 7000 kroner – saksbehandlingstida er normalt 8–10 veker.

Beløp over 40 000 kroner – saksbehandlingstida er normalt 10–16 veker.

Du vil få ei stadfesting på e-post når pengane er overførte til kontoen din.

Send post til:

Noregs Bank
K&D
Postboks 1179 Sentrum
0107 Oslo